

Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

## for

# NORD-FRON

**Nr. 4/5 • DESEMBER 2018 • Årgang 63**



*Her låg Jesus i krubba!*
*Krypten under Fødselskyrkja i Betlehem, bygd over grotta der ein meinte at Jesus vart fødd. Foto: Wikipedia.*

**Les i dette nummeret av Kyrkjebladet:**


| | |
|---|---|
| Juleandakt av biskop Solveig Fiske | side 3 |
| Julekonsertar | side 5 |
| Barnesida | side 6 |
| Julehelsingar frå sokneråda | side 8-9 |
| Rasmus Stauri og folkehøgskulen på Vikside | side 10-12 |
| Kyrkjebladet for 50 år sidan | side 13 |
| Konfirmant-jubilantar | side 14-18 |
| Guds mirakler | side 20-21 |
| Gudstenester i 2019 | side 27 |


**www.nord-fron.kirken.no**

## TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjeverje: Ragnar Løsnesløkken
Tlf 612 16 292
Sekretær. Grete Bakken
Tlf 612 16 290

**KONTORTIDER:**
Kl 09.00-12.00
og elles etter avtale

**SOKNEPREST:**
Jens Petter Ous, (permisjon til 1. mars)
Tlf. kontor 612 16 293
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad
Tlf kontor 612 16 294
Mobil 456 11 772

**DIAKON:**
Ingunn Liseter
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 976 82 694

**TRUSOPPLÆRAR:**
Hildegunn Maria Haanes Ruset
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 959 35 300

**KANTOR:**
Cindy van der Leden
Tlf 954 61 356

**SØDORP SOKN**
Soknerådsleiar:
Astri Søberg
Tlf 906 69 047
Kyrkjetenar/gravar:
Anders Stø
Tlf 612 90 974/909 60 650
Kyrkjetenar:
Frank Varpestuen
Tlf 456 06 026
Kyrkjetenar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

**KVAM SOKN**
Soknerådsleiar:
Eli Anita Lillereiten
Tlf 996 22 966
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

**KVIKNE SOKN**
Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

**SKÅBU SOKN**
Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

**FAMILIE-RÅDGJEVING**
Kirkens Familierådgiving
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

**Grafisk produksjon:**
**Dale-Gudbrands Trykkeri a.s,**
**www.dg-trykk.no**

# HEIM OG KYRKJE

## Døypte

**SØDORP**
Hedvig Langsåvold Randen
Tiril Langsåvold Randen
Nora Moen
Sander Smørdal Stakston
Lavrans Fagervold Nysæter
Elias Krogsæter Morken
Alfred Tokvam

**KVAM**
Astrid Berger Myhre
Casper Emiel Lunde
Mie Holten

**SKÅBU**
Emil Dalsheim Danielsen
Dina Sande Wangen
Live Klevmoen – Sande

## Døde

**SØDORP**
Jorunn Fossen (Bisettelse)
Gunvor Engum
Oskar Jan Fosshaug
Kirsten Larsen
Laura Iris Haugen
Solveig Granslåen

**KVAM**
Petra Viken

**SKÅBU**
Bjørg Engevold (Bisettelse)

**KVIKNE**
Johanne Korpberget
Karen Aspeslåen
Astrid Irene Lyngstad

**Stor takk til Ruste Bygdekvinnelag**
for pynting og bakst til Hausttakkefesten
i Sødorp kyrkje 30.september

**KJARTAN RUSET**
vikarierer for Jens Petter Ous fram til 1.mars.
I den tida skal Jens Petter vere prost i Nord-Gudbrandsdal og gjere teneste i Dovre, fram til ny prost er på plass. Sjå og side 19.
Ruset treffast på tlf 416 25 803, eller på Kyrkjekontoret 612 16 290
E-post-adresse: kjaru@online.no

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** grete.bakken@nord-fron.kommune.no
**Heimeside:** www.kirken.no/nord-fron

**NESTE NUMMER**
av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i april 2019.
Frist for stoff: 20 mars.

**KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON**
Kyrkjebladet har enno ikkje fått ny redaktør,
så dette nummeret er sett saman av Jens Petter Ous.
E-post: Jens.Petter.Ous@nord-fron.kommune.no
Redaksjons-komité: Randi Brendløkken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Egil Myhre (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59776



# *Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel*



Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født.
Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe som mennesker fester sitt håp og sin tro til.
Julebudskapet vil oss noe! Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes. Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.
Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys er kommet nær oss og at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lys holder oss fast i sannhet, trøst og håp.

*Det som ble til i ham, var liv,*
*og livet var menneskenes lys.*

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det.
Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.
Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå opp for det som er rett og godt.

***God og velsignet julehøytid!***

*Biskop Solveig Fiske*

## *Gudstenester i Nord-Fron jula 2018*

**4.sund i advent 23.des**
11.00 Kvikne kyrkje. Familiegudsteneste v/ Kj. Ruset. Vi pyntar juletreet

**Julaftan**
12.00 Sundheim. Juleandakt v/Terje Elvestad
12.00 Skåbu kyrkje. Familiegudsteneste v/ Kjartan Ruset
14.00 Kvam kyrkje. Fam.gudst. v/ Kj.Ruset. Kvam skulemusikkkorps
14.00 Sødorp kapell. Fam.gudst. v/ Terje Elvestad
16.00 Skåbu kyrkje. Fam.gudst. v/ Terje Elvestad
16.00 Sødorp kyrkje. Fam.gudst. v/ Kjartan Ruset

**1.juledag**
11.00 Kvikne kyrkje. Høgtidsmesse for Kvikne og Skåbu v/ Kj. Ruset. Nattverd
11.00 Sødorp kyrkje. Høgtidsmesse v/ Terje Elvestad. Nattverd

**2.juledag**
11.00 Kvam kyrkje. Høgtidsmesse v/ Terje Elvestad. Nattverd

**Nyttårsaftan**
18.00 Gudsteneste ved årsslutt. Kjartan Ruset

**Nyttårsdag**
17.00 Gusteneste med bøn for det nye året v/ Kjartan Ruset

# Gudsteneste på Sundheim i oktober



*Ljost og fint i det nye fellesrommet på Sundheim. Foto: Kj.Ruset*



*Bernt Fauske ved tangentane. Foto: Kj.Ruset.*

I fellesrommet på Sundheim feira vi gudsteneste på Bots-Og Bønnedagen i slutten av oktober. Ministrantar frå konfirmantkullet i Sødorp, var med å hjelpe til med å hente bebuarar, delta i gudstenesta og på kyrkjekaffien. Det er stort å oppleva generasjonsmøtet til gjensidig glede. Det nye el-piano er ei gåve frå Sundheims venner, og dei nye funksjonelle stolane er no prøvd ut. Kyrkja i Nord-Fron takkar for det.
Fellesrommet er for alle tru-og livssynsamfunn, og no er rommet ein god møtestad for dei som treng det i ulike situasjonar. Eit stille rom for alle og einkvar.

*Diakon Ingunn*

# Kyrkjevandring i Skåbu

Til fjells kom mange frå TTF til kyrkjevandring i Skåbu ein haustdag i oktober.

Unni tok godt imot oss, og ho var omvisar og forteljar i kyrkja og på kyrkjegarden. Fargespelet inne i kyrkja var spesielt i haustsola. Den nye og flotte minnelunden på kyrkjegarden i Skåbu blei lagt merke til og benkane blei prøvd. Etter vandringa kosa vi oss i kyrkjestugu med kaffe/te og kveldsmat med noko godt attåt.
**Vi takkar Unni for omvisninga i Skåbu.**

*Ingunn diakon*



*Vandring i skyminga på Skåbu kyrkjegard.*
*Foto: Ingunn Liseter.*



Skåbu sokneråd arrangerer
## HUSMANNSJUL I BAKKESTUGU

Lørdag 15. desember samler vi igjen barn under 10 år i Bakkestugu, for å oppleve hvordan julen var på fattige plasser i gamle dager, før overfloden skyllet inn over oss. Det blir litt juleverksted, trivelig samtale, svært enkel servering og gode, gammeldagse julegaver i gråpapir. Så koker vi grøt på svartovnen, for fjøsnissens luktesans fornekter seg ikke; han dukker gjerne opp på fjøstrevet når grøten er på plass!
Vi begynner klokka 15.30, og det varer cirka halvannen time.
Vi har plass til rundt ti barn, og færrest mulig voksne.
Barna må prioriteres, som alltid i julen!
**Ring gjerne Unni på telefon 932 92 209 hvis du vil vite mer.**



## *Julekonsertar*

| | | |
|---|---|---|
| 15.des | Kor-kafé på Sødorptunet kl. 13.00 | Norsk Et Lite Kor |
| 16.des | Kvam kyrkje kl 18.30 | Ranglarkampen Kamferkor |
| 21.des | Kvam kyrkje kl 19.00 | Kvam Musikkforening |
| 21.des | Skåbu kyrkje kl 18.00 | Skåbu-kora |
| 22.des | Sødorp kyrkje kl 20.00 | Marie Klåpbakken |

# BARNAS SIDE

## Finn vegen til Betlehem!

Hjelp gjetarane og vismennene å finne vegen til stallen der Jesus er fødd!



## Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Namna på åtte personar og byar frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Kan du finne dei?

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| O | G | S | K | U | E | M | B | O | K |
| M | A | P | N | I | K | S | E | B | I |
| A | B | R | A | H | A | M | T | E | L |
| R | R | I | S | O | U | Y | L | M | A |
| I | I | N | A | S | G | R | E | U | M |
| A | E | G | R | P | U | A | H | T | O |
| K | L | Ø | E | I | S | V | E | Å | T |
| T | I | T | T | E | T | I | M | K | O |
| J | O | S | E | F | U | S | S | U | R |
| T | R | E | L | I | S | A | B | E | T |

## Finn 5 feil

Teikning: Emily Fox

Gjeterane fann den nyfødde frelsaren i ei krubbe, akkurat som engelen hadde sagt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?




**Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!**

Disse oppgåvene er henta frå bladet.



**Bestill abonnement** på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00


## Vitsar

– Pappa, er pærer grøne?
– Ja.
– Er dei saftige?
– Ja.
– Har dei fire bein og eit hovud?
– Nei.
– Æsj, då har eg nok ete ein frosk.

– I år er nyttårsløftet mitt å ete endå meir godteri.
– Du meiner vel endå mindre?
– Nei, det var i fjor. I år vil eg ha eit løfte eg klarer å halde.

# FRÅ TRUSOPPLÆRAREN

STØRST AV ALT

Vi har lagt bak oss ein seinsommar og haust med mange gode opplevingar og møter med barn og unge i kyrkjene våre! Og vi gler oss til å ta fatt på nye arrangement i 2019. Her følgjer ein rapport frå det som har vore og ein oversikt over kva som skjer dei første månadane av 2019. Dato, klokkeslett og meir informasjon blir lagt ut på Facebooksida til kyrkja «Kyrkja Nord-Fron».
Elles kan ein alltid kontakte kyrkjelydspedagog Hildegunn Maria Haanes Ruset på hildegunn.maria.h.ruset@nord-fron.kommune.no

## Hausten 2018

I september og oktober feira vi HAUSTTAKKEFEST i alle kyrkjene våre! Dette er gudstenester fylt av glede, takksemd og undring over skaparverket! 5-åringane i kommunen blir inviterte til ei for-samling kor vi lærer om kor maten vår kjem frå og vi lagar avletto til bruk under nattverda i hausttakkegudstenesta. 4-åringar er også inviterte til for-samling i kyrkja i forkant av gudstenestene. Med 4-åringane syng vi «Kven har skapt alle blomane?» og prater om alt det gode Gud har skapt for oss. 4-åringane blir inviterte til hausttakkefest for å få 4-årsboka og 5-åringane for å delta i gudstenesta og sjå og oppleve ei nattverd. Takk til alle barn og familie og vener som har møtt opp på desse arrangmenta!



*«Mi kyrkjebok» og Hausttakkegudsteneste i Sødorp kyrkje. Foto: H.M.H.Ruset*



*Dokketeater i Kvam kyrkje. Foto: H.M.H.Ruset.*

Det har vore BABYSONG i Kyrkjestugu ein gong i veka. Eit verdifult fellesskap for babyane og foreldra!

I oktober husa Kvam kyrkje «Kirkerottene». Eit spanande og populært dokketeater kor vi følgjer rottene Fredo og Vesle i spanande eventyr som knyttast opp til kjente bibelforteljingar! Over 100 små og store samla i Kvam kyrkje!

Kommunens 12-åringar var inviterte til KODE B i Sødorp kyrkje! Dette er ei spanande samling kor vi utforskar Bibelen som religiøs bok og historisk kjelde. Sju tolvåringer var samla over to tysdagar for å leite fram og løyse koder ved hjelp av mange ulike kjelder. Det vart til og med Bibelkake til foreldra på siste samling!

## Vinter 2019

I januar startar vi det nye året med å invitere alle 3.klassingar til Tårnagentkveld i Kvam kyrkje! Dette er ein veldig spanande kveld kor vi utforskar kyrkja, frå kjeller til tårn saman med ungane! Dei får til og med gå inn i orgelet! Korleis er det mogleg? Vi et god mat i lag og syng Tårnagent-sangen. Invitasjon kjem i posten og de kan følgje med på Facebook.

I tida fram mot påske vil dei som skal starte skule til hausten bli inviterte til kyrkja for ei samling. Dei vil bli inviterte til ei gudstenste kor de får utdelt 6-årsboka som handlar om nettopp tre 6-åringar som skal starte i skulen og har eit klubbhus oppe i eit tre! På ei samling i kyrkja i forkant av gudstenesta les vi frå boka, gjer aktiviteter i lag og pratar om kor spanande det er å skulle byrje på skulen! Det kan være godt å kjenne på eit fellesskap rundt dette og korleis nokon finn styrke og mot i historiene frå Bibelen. Invitasjon kjem i posten og de kan følgje med på Facebook for nærare informasjon.

Det blir babysong ein gong i veka i februar og mars. Nærare informasjon om dag og klokkeslett blir annonsert på Facebook på nyåret.

# Julehelsing frå Sødorp sokneråd

***Glitrande snø og levande ljos,***
***Kakebaking og adventskos.***
***Jul i Noreg, eit land så godt,***
***takk, kjære Gud, for alt vi har fått.***
***Soknerådet sender varme tankar i ei førjulsstund***
***til alle som har det vanskeleg av ein eller annan grunn.***
***Mange kjenner ikkje julegleda i år,***
***mykje har skjedd som vi ikkje forstår.***
***Vi treng alle eit HÅP når det røyner på.***
***Gud, vi ber: Lat alle HÅPET få!***

*TAKK til alle som har støtta kyrkja vår i år.*
*God jul og godt nyttår til alle i bygda vår!*
*Ei julehelsing som når dei aller fleste,*
*Det enkle er ikkje så sjeldan det beste.*

**«Den store stjerna i natta kald**
**har synt oss eit under.**
**Lyser med trøyst i tunge stunder**
**for folk i tusental.**
**Den store stjerna høg og klår**
**er vårt ljos på den veg vi går»**

*(Trygve Hoff)*

*For Sødorp sokneråd*
*Eva Hilde Bakken*

# «Ei bygd i sorg»

sstod det over heile fyrste sida i lokalavisa vår torsdag 8.november. Onsdagen før, den 31. oktober, hende det ufattelege, at ein av våre ungdomar her på Vinstra, vart teken av dage av ein annan ungdom, også ein av våre. Begge var elevar ved Vinstra Vidaregåande Skule.

Sorg og sjokk pregar oss enno. Noko av det fyrste ordføraren vår sa gjennom media, var at her var to familiar ramma, og her galdt det for oss alle å stå saman og gje hjelp og støtte til desse familiane. Andre er óg spesielt berørt, og treng vår omsorg.

Alle gode krefter, med kommunens kriseteam i spissen, trødde til, og gjorde eit uvurderleg arbeid i dagane som fylgde. Det var full mobilisering på alle plan, av både friviljuge og profesjonelle. Frå nabokommunar og andre instansar utanfrå fekk ein også hjelp. Lærarar og anna personale både ved VVS og Vinstra Ungdomsskule tok seg tid til viktig sorgarbeid for elevane, og ungdomane sjølve var der for kvarandre. Sødorp kyrkje var opna fleire dagar, og mange søkte dit. Kyrkja og Kyrkjestugu var fylt til siste plass då bygda tok farvel med Laura Iris Haugen onsdag 14.november. Det vart ei sterk og verdig avskilsstund, leia av prestane våre.

Vi såg at ei djupt tragisk hending utløyste gode krefter i vårt fellesskap. Men mykje arbeid står att, fyrst i høve til dei som så brutalt vart ramma av tragedien, men også for den enkelte av oss, og vårt fellesskap. Ei slik hending berører oss sterkt følelsesmessig. Det er både sorg, sinne og angst som vi må bearbeide kvar for oss og saman. Barn og ungdom må ha vårt fokus. Og som ordføraren også var klar på med ein gong: spekulasjonar og rykter må ikkje sleppast laus. Her har alle, små og store, eit ansvar. Det er vårt retts-system og andre faginstansar som har i oppgåve å klargjere fakta i ei slik alvorleg sak. Vi må vente til dei som har dette ansvaret kan informere og forklare. Inntil då, og i lang tid framover, kallar situasjonen på vår omsorg for kvarandre i ei vanskeleg tid.

*KjR*



# Julehelsing frå Kvikne sokneråd

Med berrfrost og tjukkrima grasmark, går det raskt inn i både adventstid og jul. I skrivande stund let snøen vente på seg, til nokre si glede og andre som nok kunne tenkt seg både ski- og akeføre. Ingen haust er lik og dèt er det fine med å bu i dette landet og denne bygda; variasjon.

Sommaren som gikk, gav oss *mykjy lys og mykjy varme.* Så mye, at avlingane ikkje strekk til for dei fleste som har dyr på bås og i bingar. Brunsvidde marker og plener, var eit deprimerande syn til slutten av juli. Da kom det lenge etterlengta regnet og saman med god varme, grodde det godt resten av hausten. Så lever i heldigvis i eit samfunn som har ordningar, der dei som er råka av svikten, får hjelp til å kome seg gjennom krisa. Dèt er ein stor verdi som vi, også i andre samanhengar må ta vare på; dei som av ulike årsaker treng hjelp, får tilstrekkeleg bistand til å kome seg gjennom den krisa dei står i. Det kan gjelde familie, vener, grannar og andre. Det er mye å vere takksam for.

*I den søte juletid,* går tankar til alle som blir forfølgde for trua si. Dei som betaler ein høg pris for si Kristi etterfølging, med trakassering av ulikt slag og til og med late livet. Det same gjeld òg sjølvsagt dei som tilhører andre trusretningar. Her har vi også mye å vere takknemlege for.

Soknerådet vil helse alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk og til dei som slit med helsa på ymse vis. Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja og har omtanke for ho. Glade også for alle som er født inn i soknet; dei er framtida vår.

Takk for godt samarbeid til dei tilsette på kyrkjekontoret, prestar, kyrkjetenar, kyrkjevertar og tekstlesarar. De er heilt avgjerande for at vi kan driva kyrkja og arbeidet vidare.

***Ei velsigna jul og eit godt 2019 til alle i Kvikne sokn.***

*For Kvikne sokneråd*
*Kristian Ekre*

# Julehelsing frå Kvam sokneråd

No går det mot jul, sjølv om det ikkje virkar slik når vi ser ut, der det er 8-10 varmegrader og grønt, ja, ein får nesten vårfølelsar når ein er ute om dagen ….. Men vinteren kjem nok i år og….. Den kvite, fine tida ……

Vi i Kvam sokneråd kan sjå attende på eit triveleg år. Vi har feira 80-års-jubileum for kapellet vårt, det vart eit triveleg og vellukka arrangement. Konfirmant-jubileum har vi og arrangert, ein fast og triveleg tradisjon kvart år.

Til hausten er det soknerådsval, og vi i Kvam sokneråd ynskjer å nytte høvet til å minne om at dersom du har lyst til å vere med i soknerådet ei periode, er det berre å ta kontakt. Å vera med i soknerådet er både triveleg og gjevande.

I årets julehelsing vil vi særleg takke prestane våre og deira familiar, og alle andre som har hatt ei travel og vanskeleg tid no i haust.

Jula er ofte ei tid for ettertanke, og mange vil heilt sikkert synes at denne jula vil vera ekstra vanskeleg å koma igjennom, men hugs å ta vare på kvarandre, ingen treng vera åleine. Stå saman, slik ungdomane våre har gjort i denne tida. Livet går vidare. Same kor vanskeleg det er no, vil det bli lettare med tida.

Kvam sokneård vil takke alle ved kyrkjekontoret og dei andre sokneråda i kommunen, alle frivillige og andre som i ein eller annan samanheng har vore innom kyrkja i året som har godt, for eit godt samarbeid.

***Ynskjer alle ei riktig god og fredfull jul og eit velsigna godt nytt år !***

*Anita Lillereiten*

# Rasmus Stauri og folkehøg-skulen på Vik

**I 1902 starta Rasmus Stauri (1868-1932) «Gudbrandsdal Folkehøgskule» på Vik i Kvam. Skulen heldt til på Vik fram til 1915. Då fekk Stauri kjøpt garden Hundorp på Sør-Fron, «Dale-Gudbrands gard», og flytte skulen dit. Der var skulen i drift fram til 1987.**

**Av Kjartan Ruset**

Rasmus Stauri er eit kjent namn for dagens gudbrandsdøler. Men dei fleste tenkjer då på lektoren, skribenten og folkemusikk-historikaren frå Sør-Fron, som i fleire tiår har vore ein sentral kulturaktør i Midtdalen. Han er barnebarn av folkehøgskule-pionéren. *Vår* Stauri rår over eit rikhaldig arkiv om bestefaren og «Gudbrandsdal Folkehøgskule», med mykje interessant og viktig stoff om Fron og Gudbrandsdalen si kulturhistorie i det 20. hundradåret. Rasmus Stauri d.y. har sjølv skrive fleire artiklar om bestefaren og skulen han grunnla. Der ligg også grunnlaget for denne artikkelen.

Rasmus Stauri var ein av pionerane innan folkehøgskulane i Noreg. Som bondeson og odelsgut heime i Stryn viste han tidleg interesse for bøkene. Det hadde han frå mor si, Sigrid, som sjølv fekk utgjeve eit lite skrift



Folkehøiskole

i Gudbrandsdalen.

Paa **Vik,** 1 km. fra Kvam st., begynder undertegnede en folkehøiskole til høsten. Fællesskole for gutter og jenter fra 17-aarsalderen og opover, begynder 13de oktober og varer i 6 maaneder. Fagene er de ved ungdomsskolerne sædvanlige, haandarbeide for jenterne. Lærere: Cand. filos I. Nybø, Lise Høie og undertegnede. Skolepenge 5 kr. pr. maaned. Fripladse for ubemidlede. Indmeldelser og ansøgninger om fripladse sendes før 10de septbr. til Kirkes. J. Sætre, Kvam st., senere til

Rasmus Stauri,

Kvam.

*Sommaren 1902 kunne det igjen annonserast for folkehøgskule i Gudbrandsdalen, etter at Christoffer Bruuns «Vonheim» i Gausdal hadde gått inn i 1898*

om veving: *«Vævebog. Kortfattet praktisk veiledning i 70 forskjellige nyttige og smukke vævninger»* (1890). Presten Eilert Patrick Juul heldt kveldsskule for ungdomar i Stryn, og Stauri vart ein av elevane hans. Då den same Juul flytte til Aurland og starta privatskule der, fylgde den unge stryningen med og gjekk der ein vinter. Derifrå bar det til Stord seminar. Han var då 19 år gamal. På lærarskulen kom han over boka «Folkelige Grundtanker» av Christoffer Bruun. Det var sjølve «Bibelen» for den frilynde folkehøgskulen i Noreg, der Grundtvigs tankar og idéar vart overførte på norsk mark. Stauri vart gripen av desse tankane - at ungdommen i bygdene våre trong kunnskap og opplysning, for å heve dannings- og kunnskapsnivået i folket, og ved det byggje nasjonen. Christoffer Bruun hadde starta folkehøgskule på Nord-Sel i 1870 (seinare flytt til Gausdal, kjend som «Vonheim»). Stauri skulle bli den som førde Bruuns verk og idear vidare i Gudbrandsdalen.

Men den unge seminaristen fekk fyrst prøve ut sine pedagogiske evner og idéar i folkeskule og framhaldskule, på ymse stader i landet, i ti år, fram til 1898. Det året vart han kalla av Viggo Ullmann til lærar på folkehøgskulen hans i Seljord. Stauri hadde då opparbeidd seg eit namn innan folkehøgskulerørsla, som skribent og foredragshaldar, med nye pedagogiske idéar. Han nytta somrane til å gå fleire lærarkurs, både innanlands og i Sverige, Danmark og Finland. Han fekk også statsstipend til studiar utanlands. Då folkehøgskulen i Seljord vart nedlagt i 1902, melde tanken seg for alvor å starte folkehøgskule i Gudbrandsdalen. Her hadde det vorte eit tomrom etter at Vonheim i Gausdal gjekk inn i 1898. Anders Hovden ville ha Stauri til Ørsta, med dit ville ikkje unge, idérike læraren. Det var Gudbrands-dalen han kjende seg kalla til.

Men kvar skulle skulen liggje? At det vart Kvam og Vik skuldast barndomsvenen frå Stryn, Jon Sætre, som var lærar og kyrkjesongar i bygda. Diktaren Sven Moren, far til Halldis Moren Vesaas, skreiv til Stauri i juni 1902 med forslag om Otta som skulestad. Men i mai hadde Sætre skrive om same sak. Han nemner både Vågå og Otta som moglege skulestadar, men legg til: *«Selv vilde jeg foretrekke Kvam. Først fordi jeg er bygdepatriot, dærnest fordi vi har godt lokale, nok af logi for eleverne, nær til jernbanestasjonen og i alle dele et sentralt sted».* I juni skreiv Sætre



*Hovudbygningen på Vik i Kvam, der «Gunbrandsdalens Folkehøiskole» heldt til frå 1902 til 1915*

på ny til Stauri: «Kjære ven! Jeg har nu truffet aftale med eieren av skolelokalet». Eigaren var Anton Silli, og snart var leigekontrakt skriven. Fyrst utpå seinsommaren kom Stauri sjølv til Kvam. Sætre hadde gjort godt førearbeid, og planane for skulen var klare frå Stauri si side. *«Jeg agiterer og du arbeider!»* skreiv Sætre til kameraten. *«- - jeg kan forsikre, at andet end velvilje vil du neppe møde».*

Det som er reint utruleg, sett frå vår tids byråkrati-styrde skulepolitiske kvardag, er korleis to kameratar gjennom ei stutt brevveksling kunne avtale oppstarten av ein ny folkehøgskule og berre sette i gang!

Den 12.oktober 1902 opna skulen, med 300 mennesker tilstades. Rasmus Stauri d.y. skriv om opningsdagen:

*«Fyrst song alle N.F.S. Grundtvigs programdikt for den folkelege opplysningstanken, «Hvad solskin er for den sorte muld». Så steig den mørkkledde, tettvaksne stryningen på 35 år, skulegrunnleggjaren, på talarstolen, og heldt opningstalen. Talen finst att i originalmanuskript, men er forma ut i stikkordform. Den viktigaste bodskapen i talen er desse*



*Eit av dei fyrste elevkulla på Vik, med lærarstab og deira familiar. «Denne skulen er ein heim, og denne heimen er ein skule» - har vore folkehøgskulens motto i alle år.*

*setningane: «Politiske rettigheter utan de fornødne pligter for at kunde bruge dem, er et høist tvilsomt gode. Rettigheter medfører pligter.Et tilfreds lykkelig menneskeliv, der hver enkelt får brug for de evner og krefter, Vorherre har git, og kan faa udfolde disse i hele sin skjønne, rige mangfoldighet – det må være maalet for al opdragelse og undervisning».*

41 elevar frå Gudbrandsdalen hadde meldt seg, dei fleste frå Nord- og Sør-Fron. Skulen på Vik gav bygda nytt liv. Elevane leigde losji rundt om på gardane i Kvam, og på Vik var bygdefolket velkomne til ymse tilstelningar. For Stauri var det viktig at skulen hadde god lokal forankring. Skulen skulle tene og løfte folket, det var idéen. Ungdomen skulle gå føre, og bygdefolket skulle fylgje etter. Lærarar på skulen var, utanom Stauri sjølv, cand. phil I. Nybø, og Lise Høie. Ho skulle sidan bli kona til Stauri. Skulen gav både praktisk og teoretisk opplæring. Det store huset på Vik romma kjøkken, skulesal, snikkarsal, og husrom for styrarfamilien og tre lærarar.

Det var ikkje så lite av eit økonomisk løfte for ein bonde- eller små brukar-familie å sende ein ungdom bort på skule. Skulepengane var, som annonsen fortel, kr 5 pr månad. Attåt det skulle kost og losji betalast. Korleis ein kunne ordne seg med kosten, vert det fortalt frå ein annan folkehøgskule på 1890-talet (Framnes i Hardanger): eleven hadde kjøt med seg heimanfrå. Var dei to eller fleire elevar som budde på same garden, knytte dei ein tråd rundt sitt eige kjøtstykke før dei hadde det opp i gryta, for så å kunne fiske det opp att når det var ferdig kokt.

Elevar frå Kvam kunne bu heime. Elevlistene syner mange kjende namn frå bygdene våre. Då artikkelforfattaren kom til Nord-Fron fyrst på 1980-talet, vart han kjend med tre eldre karar i Kvam, som hadde gått på folkehøgskulen på Vik. Det var Torbjørn Kjørum, Pål Dahl Klomstad og Olaf Stormorken. Ein annan som kunne fortelje om skulen på Vik, var Sigrid Skaare. Som dotter til Rasmus Stauri trødde ho sine barnesko der. Ho kunne fortelje om då Bjørnstjerne Bjørnson vitja skulen. Det var i 1907, berre tre år før han gjekk bort. Rasmus Stauri tok Bjørnson med på ein spasertur for å sjå på «Bjørnson-profilen», den kjende fjellformasjonen oppe i Teigkampen. *«Jo, den ligner faktisk!»* uttala Bjørnson då.

I 1915 var det slutt på Vik. Då flytta «Gudbrandsdalen Folkehøgskule» til Hundorp. Der heldt Stauri fram i same ånd som før, og etter kvart med fleire elevar og større lærarstab. Skulen vart eit åndssentrum i Gudbrandsdalen. Stauri var ein mykje nytta foredragshaldar, og han hadde ein omfatande litterær produksjon. Han var sentral i feiringa av det store 900-års-jubiléet for kristningsverket på Hundorp i 1021. Skulen hans hadde mange vener blant forfattarar og akademikarar. Sigrid Undset var ein



*Rasmus Stauri d.y. fører som sentral kulturaktør i Gudbrandsdalen arven vidare frå folkeopplysarane Christoffer Bruun og Rasmus Stauri d.e. (sjå bilda på veggen). Hans rikhaldige arkiv frå bestefaren og Gudbrandsdal Folkehøgskule er grunnlaget for denne artikkelen. Foto: Kj. Ruset*

husvenn, og likeeins professor Fredrik Paasche, som heldt minnetalen ved Stauri sin tidlege bortgang i 1932. Då han døde, tok kona Lise over leiinga av skulen. Ho vart den fyrste kvinnelege folkehøg-skulestyrar i Norden. Sonen Are tok over leiinga i 1948, og dreiv skulen saman med kona Dagny til han døde i 1972. Skulen vart driven vidare til 1987, då ein internatbrann sette ein stoppar for vidare drift.

Kjelder:
Rasmus Stauri: Kort biografi over Rasmus Erikson Stauri «Folkeopplysning og danning på Hundorp». I Anfinn Engen og Rasmus Stauri (red): «Hundorp. Tusenårsstaden i Oppland»



# Kyrkjebladet for 50 år sidan

**Rekordhøge ofringar i 1967**
**Kr 10.934,67 i kyrkeofringar**

Siste året kan vi gle oss over uvanleg stor offervilje i alle fire sokna. Kyrkjeofringane er større enn noko gong før. I tillegg til desse kjem også dei tre store innsamlings-aksjonane - Bank-på-aksjonen, MF-innsamlinga og aksjonen for ny kyrkjeklokke i Sødrop - som alle saman gav svært gode resultat.

Kyrkjeofringane fordeler seg slik:

| | |
|---|---|
| Sødorp | kr 3.970,86 |
| Kvam | kr 2.866,14 |
| Kvikne | kr 1.384,21 |
| Skåbu | kr 2.713,46 |

Så seier vi då ein hjartaleg takk til kvar einaste gjevar for alle offer og gåver i 1967.

(Dagens redaktør kommenterer: kva om vi samanliknar 1967 med 2017? Kva år kjem eigentleg best ut? Ofringar 2017: Sødorp kr 45.746 – Kvam kr 23.936 – Kvikne kr.10.942 – Skåbu kr 20.666. (I tillegg kjem Fasteaksjonen ved konfirmantane) )

**2 nye klokker**

vil Sødorp kyrkje få. Som tidlegare nemnt, er det innsamla nok midlar til kjøp av ei stor klokke på 480 kg. Men den klokka kan ikkje brukast saman med dei gamle klokkene. Dei er så små at det ikkje vert nokon brukbar samklang. Klokkestøyparen har opplyst at ei suppleringsklokke til storklokka må vera på 280 kg.

Sokneràdet har difor vendt seg til styret for Johan og Marte Bøes minne, og legatstyret har løyvt nødvendige midlar til innkjøp av ei klokke på 280 kg.

Dermed går arbeidet med å skaffe Sødorp kyrkje nye klokker mot ei lukkeleg avslutning. Bår klokkene er alt tinga, og ein reknar med at arbeidet med opphenginga kan ta til i august.

Sødorp kyrkje vil no få fire klokker, og det er det ikkje mange kyrkjer som har. Men det finst også dei som har fleire. Slidredomen i Valdres har 6 klokker, 2 i tårnet og 4 i støpulen. Men noko forslag til inskripsjon har vi ikkje fått.

**Dåpsbarnrommet**

i Kvamskyrkja vil no få nytt interiør. Kvam sanitetslag gav kr 500 til dette. Anna og Einar Hølmen gav materialer, og materialene vart skorne i fjor og har legi til tørk i vinter. No er arbeidet overlate til Ola Haugastuen. Det var han som gjorde interiøret i sakristiet i Sødorp-kyrkja.

**Tverrbygda ungdomsklubb våren 1968**

Fredag 16.febr: «Litt av kvart» Lærar Tretteberg fortel og spelar fiolin. Film
Fredag 1.mars: «Tre år i «Junaiten»» Kåseri v/ lærar Kjorstad. Film: «People of the Arctic»
Torsdag 7.mars: Besøk iKvam ungdomsklubb. Underhaldning v/ ungdomsteam frå Hamar. Slides. Film
Fredag 29.mars: «Frå Telemark til Finnmark». Lærar Svalastog fortel. Slides. Film
Fredag 19.april: «Berlin i brennpunktet»bv/ lektor Munch. Slides. Film
Faste programpostar: Bingo. Andakt
Møtestad og tid: Graupe skule kl.19.30
Alder: Frå og med konfirmantar

**Fakkeltog 17.november**
**Jubiléumsgudstjeneste på Vinstra**

